

Verdiar i Dyrdalselvi, Aurland kommune i Sogn og Fjordane

VVV-rapport 2001 -16



Utgitt av Direktoratet for naturforvaltning i samarbeid med
Norges vassdrags- og energidirektorat og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Refererast som:

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 2000. Verdier i Dyrdalselvi, Aurland kommune i Sogn og Fjordane.

Utgitt av Direktoratet for naturforvaltning i samarbeid med Norges vassdrags- og energidirektorat.

VVV-rapport 2001-16. Trondheim

35 sider, 4 kart, 5 registreringsskjema.

Framsidedfoto: "Ved Vassete", Tom Dybwad

Framsidelayout: Knut Kringstad

Verdiar i
Dyrdalselvi, Aurland kommune
i Sogn og Fjordane

Vassdragsnr.: 071.4z
Verneobjekt: 071/1
Verneplan IV

VVV-rapport 2001-16

Tittel <i>Verdiar i Dyrdalselvi</i>	Dato <i>Kunnskapsstatus 2000</i>	Antall sider <i>35s + 4 kart + vedlegg</i>
Forfatter <i>Solveig Kalvø Roald</i>	Institusjon <i>Fylkesmannen i Sogn og Fjordane</i>	Ansvarleg sign <i>Jofred Takle</i>
TE-nr. <i>982</i>	ISBN-nr. <i>82-7072-490-4</i>	ISSN-nr. <i>1501-4851</i>
		VVV-Rapport nr. <i>2001-16</i>
Vassdragsnamn <i>Dyrdalselvi</i>	Vassdragsnummer <i>071.4z</i>	Fylke <i>Sogn og Fjordane</i>
Vernet vassdrag nr <i>071/1</i>	Antall objekt/område <i>10</i>	Kommune <i>Aurland</i>
Antall delområde med Nasjonalt verdi (***) <i>-</i>	Antall delområde med Regional verdi (**) <i>2</i>	Antall delområde med Lokal verdi(*) <i>3</i>
EKSTRAKT		
<p><i>Dyrdalselvi ligg i Aurland kommune og blei verna mot kraftutbygging i 1991. VVV-prosjektet (Verdiar i verna vassdrag) er initiert av Direktoratet for Naturforvaltning (DN) og Norges Vassdrags- og Energidirektorat (NVE). Formålet er å kartlegge og synleggjere verneverdiane i verna vassdrag. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, på oppdrag frå DN og NVE, presenterer i denne rapporten dokumentasjon av kjende verdiar i Dyrdalsvassdraget.</i></p> <p><i>Vassdraget er utan tekniske inngrep, men er prega av jordbruksverksemd. Elva er stri og masseførande og dårleg eigna for gyting og oppvekst. På grunn av næringsfattig berggrunn og jordsmonn er vegetasjonen generelt fattig, lite variert og lågproduktiv. Ved Vassetvatnet finst eit større myrområde som er viktig hekkebiotop for mange fugleartar. Dette reknast som eit lokalt verneverdig våtmarksområde.</i></p> <p><i>Vassdraget peikar seg ikkje ut som referanseområde når det gjeld landskapsverdiar isolert sett, men må sjåas i samanheng med heile området rundt Nærøysfjorden. Området har varierte kultminne som dekker eit langt tidsrom.</i></p>		
SUMMARY IN ENGLISH		
<p><i>The watershed of Dyrdalsvassdraget is situated in the municipality of Aurland in Sogn and Fjordane. In 1993 this watershed was protected against development of future waterpower plants</i></p> <p><i>The Directorate for Nature Management (DN) and The Norwegian Water Resources and Energy Directorate (NVE) established a project for documentation of the areas with ecological and cultural values in protected watercourses. The County Governor of Sogn og Fjordane has worked out this report about the values in the river Dyrdalsvassdraget.</i></p>		
5 STIKKORD PÅ NORSK		5 KEYWORDS IN ENGLISH
<i>Prosesser og former skapt av is og vann</i>		<i>Landscapes developed by glaciers and water</i>
<i>Biologisk mangfold</i>		<i>Versatile biological values</i>
<i>Landskapsbilde</i>		<i>Forms of landscapes</i>
<i>Friluftsliv</i>		<i>Open air activities</i>
<i>Kulturminne</i>		<i>Archaeological discoveries and old buildings</i>

FØREORD

Direktoratet for naturforvaltning (DN) og Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) er i fellesskap ansvarleg for prosjektet "Verdiar i verna vassdrag" (VVV-prosjektet). Føremålet er å gjere kunnskapen om verdiane lettare tilgjengeleg for kommunar og andre som forvaltar verna vassdrag med nærområde. Etter at Stortinget 1. april 1993 vedtok Verneplan IV for vassdrag, er 341 vassdragsobjekt verna mot kraftutbygging. Stortinget har fleire gongar presisert at verneverdiane i dei verna vassdraga ikkje må forringast av andre inngrep. Rikspolitiske retningslinjer (RPR) for verna vassdrag vart vedteke 10. november 1994. Retningslinjene gir kommunar, fylkeskommunar og statlege myndigheiter rammer for planlegging og forvaltning.

VVV-prosjektet skildrar verdiar innan prosessar og former skapt av vatn og is, biologisk mangfald, landskapsbilde, friluftsliv og kulturminne/miljø og skal ut frå eksisterande kunnskap synleggjere dei viktigaste verdiane. I tillegg kan det òg finnast andre verdiar som er viktige for vernet. I prosjektet vert det laga vassdragsvise rapportar som gir ein oversiktleg presentasjon av viktige område i tekst og på kart. Prosjektleiari for VVV-prosjektet er Elisabet Rosendal. Informasjonen i rapportane vil seinare verte tilgjengeleg med digitale kartdata. Ansvar for utarbeiding av den enkelte rapport ligg til fylkesmannen i vedkomande fylke.

Dyrdalselvi har sidan vedtak i Stortinget mars 1991 vore verna mot vasskraftutbygging (verneplan IV). Rapporten presenterer dokumentasjon av kjende verdiar som finst i og ved vassdraget. Aurland Naturverkstad BA ved Solveig Kalvø Roald, for Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har stått for utarbeidinga av rapporten. Konsulentfirmaet BioTjenester ved June Breistein har vore engasjert for å slutføre rapporten til trykking og utlegging på Internett.

Trondheim - Leikanger - Aurland - Oslo

*Direktoratet for naturforvaltning
naturbruksavdelingen*

*Reidar Dahl,
fung. avdelingsdirektør*

*Norges vassdrags- og energidirektorat
vassdragsavdelingen*

*Are Mobæk,
avdelingsdirektør*

*Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
miljøvernavdelinga*

*Nils Erling Yndesdal
fylkesmiljøvernsjef*

INNHALD

FØREORD SAMANDRAG

1.0	INNLEIING	12
1.1	Generell omtale av vassdraget.....	12
1.2	Hydrologi og vasskvalitet.....	12
1.3	Arealopplysningar	13
1.4	Målsetjing og avgrensingar	15
2.0	PROSESSAR OG FORMER SKAPT AV IS OG VATN.....	17
2.1	Vassdragsselement og dagens prosessar	17
2.2	Former og spor etter avslutta prosessar.....	17
2.3	Andre geofaglege element	17
2.4	Utvalde delområde og objekt.....	18
3.0	BIOLOGISK MANGFALD.....	19
3.1	Ferskvassbiologi	19
3.2	Naturtypar	19
3.3	Vilt.....	19
3.4	Utvalde delområde og objekt.....	20
4.0	LANDSKAPSBILDE	22
4.1	Landskapsregion og særpreg	22
4.2	Framtredande landskapselement.....	22
4.3	Utvalde delområde og objekt.....	23
5.0	FRILUFTSLIV.....	24
5.1	Friluftsområde.....	24
5.2	Hytter, stinett, pilgrimsleder.....	24
5.3	Naturturisme	25
5.4	Jakt og fiske.....	25
5.5	Utvalde delområde og objekt.....	25

6.0	KULTURMILJØ	26
6.1	Vassdragsrelaterte kulturmiljø	26
6.2	Verdfulle kulturlandskap	26
6.3	Andre kulturminne/-miljø	26
6.4	Utvalde delområde og objekt	27
7.0	AKTUELLE TRUGSMÅL	29
8.0	LITTERATUR	30
9.0	KRITERIER OG VERDISSETTING BENYTTET I RAPPORTEN	32
10.0	KART	35

VEDLEGG Registreringsskjema

SAMANDRAG

Dyrdalselvi ligg nord for Nærøyfjorden, i Aurland kommune i Sogn og Fjordane. Vassdraget blei verna i 1991 i verneplan IV. I dei nedre delane av vassdraget er det fast busetnad og kulturlandskap. Områd som ligg høgre oppe er inngrepsfrie.

Rapporten gjev ein temavis oversikt over tilgjengeleg kunnskap om verdfulle delområde/objekt i Dyrdalselvi (Verneplan IV for vassdrag). Jfr. kart kap. 10 og vedlegg med registrerings skjema. Desse områda er nærare beskrive i dei enkelte kapitla i rapporten. Kulturminne er ikkje verdigraderte og er ikkje registrert på skjema, men vert omtala i rapporten og er vist på kart. "Gradering" i tabellane nedanfor, er utført etter metodikk i rettleiar for VVV-prosjektet, der også kriteria er definert (Jfr kap. 9). Det er i alt registrert 10 delområde i nedbørfeltet, ingen er berekna til å vere av nasjonal verdi.

Fagleg samandrag

Når det gjeld vegetasjon er vassdraget representativt for dei næringsfattige områda i Nærøyfjorden.

Vassdraget vurderast til å ha middels verdi for viltinteressene generelt, men her er store ornitologiske verdiar i vassdraget. Her er registrert eit oppsiktsvekkjande høgt tal på artar for å vere eit såpass lite nedbørfelt. Her er og eit større myrområde som er ein viktig hekkebiotop for mange fuglearter. Dette reknes som eit lokalt verneverdig våtmarksområde (oligotroft).

Når det gjeld landskapsverdiar peikar ikkje vassdraget seg ut som referanseområde isolert sett, men må sjåast i samanheng med heile området rundt Nærøyfjorden. Nærøyfjorden er eit stort intakt fjordlandskap som er lite påverka av tekniske inngrep. Kulturlandskapet langs Nærøyfjorden er eit viktig element i totalopplevinga av området.

Her er verdfulle kulturlandskap og andre kulturminne i området, desse er særleg knytt til bustadar og gardsdrift. Her er og fornminne i vassdraget .

Sjølv om området er relativt vanskeleg tilgjengeleg, byr det på store friluftsverdiar. Mellom anna er her veg frå fjord til høg fjell.

Tabellane viser til kart lengst bak i rapporten. Delområde med
 *** er foreslått å tilsvare Nasjonal verdi,
 ** Regional verdi,
 * Lokal verdi og
 - Inga gradering

Prosesser og former skapt av is og vatn (P)

Ingen delområde er velt ut.

Biologisk mangfald (B)

Nr	Namn delområde	Type område	Gradering
B1	Dyrdal	Flommarkskog	*
B2	Vassetvatnet	Myrområde	*

Landskap (L)

Nr	Namn delområde	Type område	Gradering
L1	Hjølmo	Stølsområde og omgivnader	**
L2	Drego/Dreganosi	Gardsmiljø og omgivnader	**

Friluftsliv (F)

Nr	Namn delområde	Type område	Gradering
F1	Vegen frå Dyrdal til Hjølmo.	Vegstreking	*

Kulturminne (K)

Nr.	Namn på delområde	Type kulturmiljø	Gradering
K1	Dyrdal.	Kraftverk	-
K2	Skogane	Kulturlandskap	-
K3	Bygningsmiljø Dyrdal	Bygningsmiljø	-
K4	Styvidalseggi	Fangstsystem	-
K5	Handadalseggi	Fangstsystem	-
K6	Langafjellet	Fangstsystem	-

1.0 INNLEIING

1.1 *Generell omtale av vassdraget*

Vassdraget ligg i indre Sogn med utløp i Nærøyfjorden frå nord.

Dei tre elvene Vassetelvi, Styvidalselvi og Hundadalselvi renn saman til Dyrdalselvi like nedanfor Hjølmo, 500 m.o.h. Herfrå renn elva gjennom ein trong dal og ut i Nærøyfjorden ved Dyrdal (6). Opp mot 70% av arealet til vassdraget ligg over 900 m.o.h. (6).

Vegetasjonsgeografisk strekk vassdraget seg frå sørboreal til alpin vegetasjonssone. Vassdraget ligg i svakt oseanisk seksjon (A-O1, Nb-O1, Mb-O1, Sb-O1) (18).

Klima

Det er ingen klimastasjonar i nedbørfeltet, men dei klimatiske forholda er nok ikkje så ulike dei forholda ein elles finn i indre fjordstrøk i Sognefjorden, f.eks Aurland og Lærdal. Her er klimaet kjølig oseanisk til svakt kontinentalt med forholdsvis liten årsnedbør. Årsnedbøren er noko over 400 mm i Lærdal og 600 mm i Aurland. Fjellområda har eit kjølig klima med høg årsnedbør. På Myrdal (820 m.o.h.) er årsnedbøren ca 1600 mm/år, og den er truleg over 2000 mm i dei høgre fjellområda.

Generell inngrepstatus for Dyrdalselvi

Vassdraget er utan tekniske inngrep, men er prega av jordbruksverksemd (21). Der er grusveg frå Dyrdal og opp til stølen på Hjølmo. Der er og eit gamalt kraftverk som ikkje lenger er i bruk. Det er busetnad i Dyrdal og på Dregø og Dregali.

1.2 *Hydrologi og vasskvalitet*

Nedbørfeltet til Dyrdalsvassdraget har eit areal på 51 km². Nedbørfeltet strekk seg frå havnivå og opp i 1611 m.o.h. (21).

Dyrdalen har ein stegvis lengdeprofil med lite vatn og myrer til å jamne ut vassføringa i elva. Månadsvassføringskurvene syner at det er lite vatn om vinteren, ein topp som kulminerer i juni under snøsmeltinga, og om lag gjennomsnittsvassføring om hausten p.g.a. nedbør (23).

Berggrunnen høyrer til Jotundekket, ulike gneisar dominerer. Dette er bergartar som forvitrar lite, og dei tilfører dermed lite næringssaltar til vassdraget. Det er ikkje gjort analyse av vasskvalitet eller organismesamfunn (23).

1.3 Arealopplysningar

Deler av nedbørfeltet inngår i det planlagde Nærøyfjorden landskapsvernområde (7). Verneføreskriftene til landskapsvernområdet er no klart for sentral høring.


I kommuneplanen til Aurland kommune, 1991-2000 (1), er heile nedbørfeltet til vassdraget Landbruks- Natur- og Friluftsområde. Ny kommuneplan er under utarbeiding.

Inngrepsfrie naturområde

Med inngrepsfrie naturområde meiner ein område som ligg lenger enn ein kilometer frå tyngre tekniske inngrep. Desse områda er vidare inndelt i soner basert på avstand til næraste teknisk inngrep: Inngrepsfri sone 2 (1-3 kilometer frå tyngre tekniske inngrep), inngrepsfri sone 1 (3-5 kilometer frå tyngre tekniske inngrep) og villmarksprega område (> 5 kilometer frå tyngre tekniske inngrep).


Arealstatistikk frå DN over inngrepsfrie naturområde i Noreg (3a) syner at 12 % av landarealet er såkalla villmarksprega naturområde. I Sør-Noreg har slike område vorte dramatisk reduserte frå 27 % i 1900 til 5 % i 1994. Villmarksprega areal vart i perioden 1988 til 1994 redusert med 6,2 % i Sogn og Fjordane.

Figur 1 Inngrepsfrie naturområde i Sogn og Fjordane. Gjenverande inngrepsfrie naturområde pr. januar 1994 saman med bortfall i perioden 1988-94



• **Teiknforklaring**

- Mørkerøde område er areal som pr. januar 1988 var «villmarksprega område», men som på grunn av inngrep i perioden 1988-94 ikkje lenger er «villmarksprega».
- Mellområde område er areal som pr. januar 1988 var «inngrepsfrie område sone 1», men som på grunn av inngrep i perioden 1988-94 ikkje lenger er «sone 1».
- Lyserøde område er areal som pr. januar 1988 var «inngrepsfrie område sone 2», men som på grunn av inngrep i perioden 1988-94 er vorte «inngrepsnære».
- Mørkegrøne område er «villmarksprega område» pr. januar 1994.
- Mellomgrøne område viser det meste av «inngrepsfrie område sone 1» pr januar 1994.
- Lysegrøne område viser det meste av «inngrepsfrie område sone 2» pr 1. januar 1994.



Figur 2 Grensene (grøn strek) til nedbørsfeltene til dei 5 verna vassdraga i Aurland kommune (Aurland kommune i gult). (Kartet er utarbeidd av Norges vassdrags- og energidirektorat)

1.4 Målsetjing og avgrensingar

Rapporten samanstillar og presenterer føreliggande kunnskap om natur-, kultur-, landskaps- og friluftslivs- faglege verdiar i nedbørfeltet til Dyrdalselvi. Det er lagt vekt på å i første rekke få med dei verdiane som er knytt direkte til vassdraget. Det er og tatt med verdiar i heile nedbørfeltet så langt ein har oversikt.

Rapporten er skriven med utgangspunkt i rettleiar frå DN/NVE frå september 1997.

Kunnskapsstatus

Verneverdiane i området er dårleg dokumentert. Denne VVV-rapporten bygger hovudsakleg på rapportar frå undersøkingar i samband med verneplan IV, og rapportar utarbeidd i samband med Samla Plan for vassdrag. Status frå ein del av verneverdiane kan vere endra etter dette. Det kan og finnast verneverdiar knytt til vassdraget utover det som er kjent eller innhenta informasjon om i samband med dette prosjektet. Det har ikkje vore tilgjengeleg ressursar til omfattande feltarbeid/kartlegging av verneverdiar i område med manglande informasjon.

Kapittel 2: Prosesser og former skapt av is og vatn

Dette temaet er lite dokumentert i vassdraget. Opplysningar er hovudsakleg henta frå rapport i samband med Samla Plan.

Kapittel 3: Biologisk mangfald

Opplysningar er hovudsakleg henta frå rapportar i samband med Samla Plan. Det er ikkje gjort noko kartleggingsarbeid i forhold til raudlisteartar (artar som er truga) i vassdraget.

Kapittel 4: Landskapsbilde

Dette temaet er lite dokumentert i vassdraget. Fagleg vurdering av utvalde område manglar. Områda er teke med på grunnlag av oppleving av landskapet i forhold til dei kriteria som er gitt.

Kapittel 5: Friluftsliv

Dette temaet er lite dokumentert i vassdraget. Fagleg vurdering av det utvalde området manglar. Området er teke med på grunnlag av oppleving av friluftsverdiar i forhold til dei kriteria som er gitt.

Kapittel 6: Kulturmiljø

Kulturverdiar er relativt godt dokumenterte i området.

2.0 PROSESSAR OG FORMER SKAPT AV IS OG VATN

Berggrunnsgeologi

Berggrunnen i nedbørfeltet hører til Jotundekket. Nedanfor Svidli og sørvest for ei linje Vassetfjellet-Vassetvatnet-Huldabotn ligg mangerittisk gneis som hører til den underste delen av dekket. I resten av området er det plagioklasrike bergartar som hører til i den øvre delen av jotundekket. Frå Hjørmanosi og sørover, samt i dei høgste områda aust for Dregali-Snauasete ligg anortosittiske bergart. I resten av området er det gabbroide bergartar (12).

Storformer

Dyrdalen er hengande til Nærøyfjorden. Dalen har eit typisk iserodert, u-forma tverrprofil og trappetrinnsforma lengdeprofil. Dyrdalen strekk seg nordvestover inn i fjellområde med toppar vel 1400 m.o.h. I dalbotnen har elva skore seg ned i den breeroderte overflata. Ved Hjørmanosi deler dalen seg i tre greiner som ender i botnar. I Huldabotn og Vassbotn ligg vatn (12).

2.1 Vassdragelement og dagens prosessar

Nede ved fjorden ligg ei resent elvevifte. Her er og rester etter eit terrassert breelvdelta avsett opp til 40-55 m.o.h. Elva utviklar deltaet vidare i dag (12).

2.2 Former og spor etter avslutta prosessar

I dalbotnen opp til Dregali ligg ein del morene. Dalsidene i dette området er dominert av skredmateriale. Både Vassetelvis dalgang og Styvisdalen er sterkt prega av skredmateriale og morene i dalsida. I dalsidene er avsetningane sterkt ravinerte (12).

I dalbotnane og dalsidene dominerer morene- og skredmateriale, men i dei slakaste partia er der elveavsetningar. I Styvisdalen er dalbotnen trong og her dominerer skredmateriale og morenemateriale heilt ned til elva (12).

I Styvisdalen, ved Huldabotn og ved Vassbotn ligg ryggforma avsetningar (12).

I høgfjellet dominerer blokkhav og fjell i dagen (23).

2.3 Andre geofaglege element

Rasskard er vanlege, for eksempel aust for Dreganosi (23).

2.4 Utvalde delområde og objekt

Geologiske førekomstar eller område som ser ut til å ha særleg stor verdi i naturvernsamanheng er ikkje kjent innan vassdraget. Ingen delar peikar seg heller ut som spesielt veileigna til bruk som geologiske referanseområde (12). Området er ikkje systematisk undersøkt så ein kan derfor ikkje rekne med at denne rapporten klarer å fange opp alle aktuelle verneverdige objekt/delområde.

3.0 BIOLOGISK MANGFALD

3.1 Ferskvassbiologi

Elva renn bratt det meste av strekninga, men mot fjorden er terrenget slakare og sjøaren kan truleg gå opp her. Elva er stri og masseførande og dårleg eigna for gyting og oppvekst for fisk (21).

3.2 Naturtypar

Vassdraget er representativt for dei næringsfattige områda i Nærøyfjorden (21). På grunn av næringsfattig berggrunn og jordsmonn er vegetasjonen generelt fattig, lite variert og lågproduktiv (23).

Bjørkeskog er den vanlegaste skogstypen, men her er innslag av furu på små kollar i tørrare parti og gråor på fuktigare parti. Desse er lokalisert på vestsida av Dyrdalselvi og nedanfor Geitaskardlinosi (6). I dei sørausteksponerte rasmarkane mot Dyrdal er der mindre bestand av edellauvskog. Desse er ikkje synfarte (6). Langs fjorden finst elles beitepåverka tørrberg og tørrbakker (6). På flatene i dei nedre delane av vassdraget er det blandingsskog med gråor og bjørk, og furu på småkoller. Desse er grasdominerte (6).

Langs elva i Dyrdal er det ein del dyrka mark. I tillegg veks her beitepåverka, grasdominerte flommarksgråorskogar (B1).

Rundt Vassetvatnet (B2) ligg eit større myrområde (23). Dette er ikkje botanisk undersøkt.

3.3 Vilt

Vassdraget vurderast til å ha middels verdi for viltinteressene (23).

Vassdraget har minst 93 fuglearter, eit høgt tal i eit såpass lite nedbørfelt. Vurdert ut frå tida som var avsett til registreringar (3 dagar, sommaren 1983) kan ein seie at resultatet er oppsiktsvekkjande høgt (13).

Både rovfugl, hønsefugl og sporvefugl er talrike i området (13). Sporvefuglane er særleg talrike i området Dregali-Drego (13). Hønsehauk og gråspett er registrert hekkande (13), og er raudlisteartar (truga artar). Hønsehauk er "Sårbar" og gråspett er "Hensynskrevende". Det er ikkje opplyst om kor desse blei observert. Kvitryggspett, smålom, storlom, hønsehauk, kongeørn, jaktfalk og hubro, alle raudlisteartar, er og observert i vassdraget, men hekking er

ikkje påvist (13). Ved Vassetvatnet (B2) er eit større myrområde som er ein viktig hekkebiotop for mange fuglearter (13).

I høgfjellet blei mellom anna fjellrype, steinskvett og snøsporv påvist rugande. Generelt må fuglefaunaen i fjellet karakteriserast som artsfattig, men med relativt stor tettheit av enkeltartar, som f. eks steinskvett.

Lirype er relativt vanleg i dalane og liene. Særleg i Vassetdalen skal det vere gode rypeterreng. Fjellrype er noko mindre talrik enn lirype og er mest vanleg i fjella rundt Vassetdalen (14). Orrfugl er vanleg men ikkje talrik i Dyrdalen (14).

Bestanden av hjort er god og har vore i vekst dei siste åra. Rein frå bestanden på Vikafjellet kan trekke austover mot Dyrdalen. Raudreven er talrik, andre vanlege rovpattedyr i området er mink, røyskatt og snømus (21). Det er og sett streifdyr av elg i Dyrdalen (14).

Det er bra bestand av hare og ekorn i nedre delar av vassdraget (23). Fleire artar av spissmus, flaggermus, stumpmus og mus er sett, men artsbestemming er ikkje gjort (14).

3.4 Utvalde delområde og objekt

Delområda er og omtalt under kapittel 3.2 - 3.3.

B1 Dyrdal

I Dyrdal finst beitepåverka, grasdominerte flommarksgråorskogar. Det siste stykket mot fjorden fell elva relativt bratt og flommarkane har minerogent materiale der vegetasjonen bare er fragmentarisk utvikla (6). Flommarkskog er ein viktig naturtype i følgje DN-handbok 13-1999, kor naturtypar med stor verdi i biologisk-mangfald- samanheng er kartlagde (3b). Flommarkskogane i Dyrdal er ikkje godt kartlagde.

B2 Vassetvatnet

Ved Vassetvatnet er eit større myrområde som er ein viktig hekkebiotop for mange fuglearter. Dette reknast som eit lokalt verneverdig våtmarksområde (oligotroft) (13).

Tabell 1 Verdivurdering v/Biologisk mangfald

Nr	Namn delområde	Naturtype	Grad.	Hovudkriterium				Støttekriterium			
				H01	H06	H05	H07	S05	S06	S03	S04
B1	Dyrdal	Flommarkskog	*				x	x			
B2	Vassetvatnet	Myrområde	*	x				x	x		

NR. Refererer til lokalitetens nummer på kartet bak i rapporten

GRADERING Angir lokalitetens verdi etter en samlet vurdering av hvilke hoved- og støttekriterier som er gjeldende. Gradering skjer etter en 4-delt skala:

*** Nasjonalt viktig verdi

** Regionalt viktig verdi

* Lokalt viktig verdi

- Ikke angitt verdi

H01 Urørt

H06 Sårbart

H05 Sjeldan

H07 Variasjon

S05 Biologisk funksjon

S06 Arealstorleik

S03 Forskingsverdi

S04 Pedagogisk verdi

Merknad

Området er ikkje systematisk undersøkt så ein kan derfor ikkje rekne med at denne rapporten klarer å fange opp alle aktuelle verneverdige objekt/delområde.

4.0 LANDSKAPSBILDE

Nærøyfjorden er den mest dramatiske fjorden i Sogn og Fjordane når det gjeld topografi, og er ei av dei få fjordarmene i fylket utan større inngrep som vegar og kraftlinjer i fjordsidene. Den 17 km lange fjorden er bare 240 m på det smalaste og har fjell som reiser seg steilt opp i 12-1400 m.o.h. Nærøyfjorden har av den grunn vore reisemål for turistar sidan slutten av førre hundreår (10).

4.1 Landskapsregion og særpreg

Vassdraget peikar seg ikkje ut som referanseområde isolert sett, men må sjåast i samanheng med heile området rundt Nærøyfjorden. Nærøyfjorden er eit stort intakt fjordlandskap som er lite påverka av tekniske inngrep (21, 23).

Nærøyfjorden har markerte relieffkontrastar og eit landskapsbilete som dominerast av steile bergveggar, store fossefall og alpine terrengformar (21). Landskapet i Dyrdalsvassdraget er typisk for denne regionen (23).

Dyrdalen har ein u-forma tverrprofil, og lengdeprofilen er stegvis. Landskapet er prega av eit iserodert dalføre som er hengande til Nærøyfjorden. Dalen ender i ein botn. Elva renn i jamne stryk og her er relativt få fossar (21).

NIJOS har gjort ei inndeling av Noreg i 45 landskapsregionar. Desse er igjen delt inn i til saman 534 underregionar (4). Regioninndelinga baserer seg på natur- og kulturgitte tilhøve som blir vurdert samla, men med landskapsform som det viktigaste kriteriet. Området er i all hovudsak omfatta av region 23, indre vestlandsbygder og region 15, lågfjellregionen i Sør-Noreg. Underregion 23.04, fjordmøte (5).

4.2 Framtredande landskapselement

Små slåtteteigar og høyløer langs vegen oppover dalen er ei oppleving som vitnar om at det her tidlegare var omfattande jordbruksdrift i dalen.

4.3 Utvalde delområde og objekt

Fagleg vurdering av delområda manglar. Områda er tatt med på grunnlag av oppleving av landskapet i forhold til dei kriteria som gjeld.

L1 Hjørmo

På Hjørmo ligg eit stølsområde som no ikkje lenger er i drift. Bygningane her er framleis i god stand, og landskapet er ope. Stølsområdet ligg inneklemt mellom bratte fjellvegger, og det er ein flott oppleving å komme inn i dette området.

L2 Drego/Dreganosi

Bygningsmiljøet og kulturlandskapet på Drego er ei slående landskapsoppleving, i bakgrunnen tronar Dreganosi som i seg sjølv er eit mektig landskapselement.

Tabell 2 Verdivurdering v/ Landskap

Nr	Namn delområde	Grad.	Hovudkriterium				Støttekriterium			
			H06	H07	H08	H09	S07	S08	S09	S10
L1	Hjørmo	**			x	x				x
L2	Drego/Dreganosi	**		x	x	x				x

NR. Refererer til lokalitetens nummer på kartet bak i rapporten

GRADERING Angir lokalitetens verdi etter en samlet vurdering av hvilke hoved- og støttekriterier som er gjeldende. Gradering skjer etter en 4-delt skala:

- *** Nasjonalt viktig verdi
- ** Regionalt viktig verdi
- * Lokalt viktig verdi
- Ikke angitt verdi

H06	Sårbart	S07	Urørt
H07	Variasjon	S08	Sjeldan eller særprega
H08	Heilskap	S09	Typisk
H09	Inntrykkstyrke	S10	Historisk dokument

5.0 FRILUFTSLIV

5.1 *Friluftsområde*

Det er hovudsakleg områda ned mot Nærøyfjorden som er eigna for varierte friluftaktivitetar. Fjorden er eigna for båtferdsle, og Dyrdal har fine moglegheiter for ilandstiging. Fjorden rundt utløpet av vassdraget er mykje brukt til padleaktivitetar. Ein privatperson arrangerar padlekurs for mellom anna skuleklasser i Dyrdal. Bruken av området er mest lokal i form av turgåing og hjortejakt (21).

Dei øvre delane av nedbørfeltet er vanskeleg tilgjengeleg på grunn av dei topografiske forholda (23). Terrenget er tildels vilt og uframkommeleg, men opplevingsverdien er, av same grunn, uvanleg stor.

Det manglar vegsamband til området. Båttrafikken på Nærøyfjorden legg til her på oppfordring. Denne trafikken er lite omfattande på vinteren.

I kommunal plansamanheng er området Salthella ved Dyrdal klassifisert som særskild viktig for friluftslivet (båtutfartsområde) (23, 1). Den same staden nemnes i FRIDA-registeret som eit badeområde, og båtutfartsområde med lokal verdi som er svært høgt prioritert. Salthella er ei sandstrand, som reknast som den finaste badeplassen i Nærøyfjorden (9 s 1). Området ligg utanfor sjølve nedbørfeltet til vassdraget.

5.2 *Hytter, stinett, pilgrimsleder*

Frå fjorden går det veg og stølsveg til stølen på Hjølmo (ca 500 m.o.h.). Frå Hjølmo er det turstiar vestover mot Vikafjellet og nordover mot Fresvikbreen.

I "Norsk sti og løypeplan" (2) er nedbørfeltet til Undredalsvassdraget plassert i Sone 1; "Naturområde utan tilrettelegging" og vert difor omfatta av retningslinjene som gjeld for denne sona (Areal for friluftsliv utan tilrettelegging av noko slag. Ingen nye innretningar for friluftsliv. Aktuelle naturvernområde).

5.3 *Naturturisme*

På grunn av dei ekstreme opplevingsverdiane i Nærøyfjorden er fjorden verdskjent, på same måte som Geirangerfjorden (11). Fjorden er derfor ein turismagnet, og om sommaren arrangerast det hyppige båt- og ferjeturar på fjorden. Kombinert med togtur med Flåmsbana er dette ein av dei største turistattraksjonane Noreg har.

Området er altså ein viktig del av eit viktig turistområde, men turistane går sjeldan i land i Dyrdal.

5.4 *Jakt og fiske*

De siste tre åra er det gitt ca 14 hjorteløyve innanfor nedbørfeltet til vassdraget, mesteparten av dette takas ut (25).

5.5 *Utvalde delområde og objekt*

F1 *Vegen frå Dyrdal til Hjølmo*

Det går veg frå fjorden og opp til garden Drege, herfrå går det stølsveg vidare opp til stølen Hjølmo. Det er ein flott oppleving å følgje denne vegen som tar deg heilt opp i høgjellet. Fagleg vurdering av delområdet manglar. Området er tatt med på grunnlag av oppleving av området i høve til dei kriterium som gjeld.

Tabell 3 Verdivurdering v/Friluftsliv

Nr	Namn på delområde	Grad.	Hovudkriterium				Støttekriterium		
			H01	H10	H11	H12	S11	S12	S13
F1	Vegen frå Dyrdal til Hjølmo.	*		x				x	

NR. Refererer til lokalitetens nummer på kartet bak i rapporten

GRADERING Angir lokalitetens verdi etter en samlet vurdering av hvilke hoved- og støttekriterier som er gjeldende. Gradering skjer etter en 4-delt skala:

- *** Nasjonalt viktig verdi
- ** Regionalt viktig verdi
- * Lokalt viktig verdi
- Ikke angitt verdi

H01 Urørt
H10 Oppleving
H11 Eigna
H12 Dagens bruk

S11 Tilgjengeleg
S12 Naturkvalitet
S13 Kulturkvalitet

6.0 KULTURMILJØ

6.1 Vassdragsrelaterte kulturmiljø

Ved elva nær utløpet ligg eit grendekraftverk frå mellomkrigstida (K1) og restar etter ei sag.

6.2 Verdfulle kulturlandskap

I prosjektet "Nasjonal registrering av verdfulle kulturlandskap frå 1994, er Nærøyfjorden eit av dei 6 prioriterte områda i Sogn og Fjordane. Det er peikt på at området bør få særleg merksemd, som eit eksempel på fjordkulturlandskapet. Vassdraget er ein del av dette miljøet.

6.3 Andre kulturminne/-miljø

Området har varierte kulturminne som dekker eit langt tidsrom (21). Området har gardsbusetnad med verdfulle gamle bygningar og tufter etter husmannsplassar. Ved fjorden ligg det naust og ved elva nær utløpet eit grendekraftverk frå mellomkrigstida og restar av ei sag (21).

Det er gjort funn frå steinalderen ved fjorden. Gravrøysar og gravfunn vitnar om fast gardsbusetnad på Dyrdal og Drego i yngre jernalder. På Drego er det funnet ei mannsgrav frå 600-800 e.kr. Tuft og røysar på Dyrdal kan vere spor etter ein øydegard (23).

På øydestølene Kolsete og Toristølen kan det vere spor etter stølsdrift i jernalder/middelalder (21).

I fjellet er det særskilt mange og varierte anlegg for jakt og fangst. Dei store fangstanlegga på Styvidalseggi (K4), Handadalseggi (K5) og på Langafjellet (K6) er av dei vestlegaste som er kjent av denne typen i landet (21, 23).

På Hjølmo og Vassete er det gamle stølsbygningar. Garder på begge sider av fjorden hadde stølsretter i Dyrdalen (21).

På Dyrdal skal det ha vore tingstad, og her har frå gamalt av vore eit lite bygdesentrum. Kulturminne frå nyare tid er hovudsakleg knytt til fast busetnad og stølsdrift. Dyrdal har eit særprega bygningsmiljø som det er viktig å ta vare på for framtida. Husklyngjene ligg som blikkfang i fjordlandskapet (11).

6.4 Utvalde delområde og objekt

K1 Kraftverk i Dyrdal

Ved elva nær utløpet ligg eit grendekraftverk frå mellomkrigstida og restar etter ei sag. Kraftverket blei bygd i 1923, og var i drift fram til 1963. Huset er i god stand, og det innvendige maskineriet er framleis intakt. Utanfor kan ein sjå restar etter rørleidningane. Dette er det einaste kraftverket i kommunen der ikkje bare skallet står att.

